



Møtereferat

Gruppe/tema: Faggruppe T2 Kultur og idrett.

Møtestad: Ørskog rådhus, Verahornet

Dato: 19.06.18

Tid: kl 9-15

Møteleiar: Oskar Skulstad

Referent: Magne Fylling

Deltakarar:	Kommune/repr.
Oskar Skulstad	<i>Ålesund</i>
Per Langnes	<i>Haram</i>
Åse Karin Gjære	<i>Ørskog</i>
Anita Øen	<i>Sandøy</i>
Magne Fylling	<i>Skodje</i>

Biblioteksjefane frå dei fem kommunane var kalla inn til fellesmøte første timen.

Desse møtte: Kari Kvernberg, avtroppande, og Madelen Ramsøy, påtroppande biblioteksjef i Skodje og Mette Aaram Ringstad, Ålesund. I tillegg var Haram sin biblioteksjef, Lisa Alvestad, med på Skype.

Saksliste:

1. Kartlegging innan bibliotekområdet
2. Gjennomgang av kartlegginga som T2-gruppa har gjort denne våren

Referat og konklusjonar:

7/18: Kartlegging innan bibliotekområdet

Faggruppa T2 hadde utarbeidd eit mandat/arbeidsgrunnlag for biblioteksjefane.

Området det hastar mest med å få innspel på, er val av fagsystem. Biblioteksjefane blei utfordra på å lage oppsett over ønska funksjonalitet knytt til eit fagsystem. Det blei presisert at det var viktig å ha mange perspektiv med seg, m.a. «brukarreisa», og elles prøve å skissere framtidige behov.



Mandatet:

1. Fagsystem – kriteriar for anbodsgrunnlag
2. Kartlegge status og utfordringar i samband med kommunesamanslåinga i Nye Ålesund
3. Ressursar
 - * Aktivitet (fysiske medium, utlån, besøk, arrangement, opningstider, ubemanna bibliotek)
 - * Avtalar/leasing, abonnement, leige
 - * Transportteneste – avtale
 - * Regelverk, prisar
 - * Kartlegge planar (verksemdplan, fagplan, tiltaksplan)

8/18: Gjennomgang av gjennomført kartlegging

Det blei sett av god tid til å gå gjennom kartlegginga kommunane hadde gjort innan områda:

- Bygg og lokale, drift
- Organisering og drift av kulturavdelinga
- Midlar og tilskot
- Lag og organisasjonar

Gjennomgangen blei oppfatta svært nyttig då vi fekk rimeleg bra innsyn i kvar av kommunene. Konklusjonen var m.a. at noko er likt i kommunane, men svært mykje er ulikt på alle dei fire områda vi gjekk gjennom.